

Pinsestemne i Moster Amfi



PINSE: Pinse er ei kristeleg høgtid som markerer starten på den kristne kyrkja. FOTO: KJERSTIN MÆLAND

Pinsen er rekna som kyrkja sin bursdag for dei truande.

► **Kjerstin Mæland**
kjerstin@bomlo-nytt.no

Sekularisering har påverka korleis mange opplever religiøse høgtider. Og pinsen er ein av dei som ofte kjem litt brått på enkelte av oss, ettersom det er bevegelege helligdagar. Men

pinsen er ei viktig høgtid i kristendommen.

Starten på den kristne kyrkja

Dei kristne feirar pinse for å minnast Den Heilage Ande som kom over apostlane og dei fyrste kristne. Dette markerte starten på den kristne kyrkja. Derfor blir pinsen rekna som kyrkja sin bursdag for dei truande.

Men om ein er kristen eller ei, så er dette ei høgtid med stengte butikkar og fri frå jobb og skule.

Pinsemøte og panelsamtale

Her på Bømlo blei pinsen blant anna feira med pinsestemne i Moster Amfi. Det var nydeleg vêr, og mange hadde tatt turen til Amfiet denne 1. pinsedag.

Det starta med eit pinsemøte der leiar i Pinsebevegelsen, Øystein Gjerme var hovudtalar, og Sveinung Hølmekjell deltok med song.

På slutten av pinsemøtet fekk tre ungdommar frå Moster skule overlevert Olavsflam-

men av Biskop Herborg Finnset. Denne, og pilegrimskista, skulle dei føre ned til Verdise-glasen.

Etter ei god matpause var det panelsamtale som stod på programmet. Hovudtemaet i panelsamtalen var kva kristenretten betyr for Noreg historisk og i dag.

Dagen blei avslutta med bønne-stund på Kyrkjestølen ved Moster Amfi. Då kom og barna frå Barnas Pinsefest for å vera med på dette.



SLITT: Skiltet på steinkrossen på Vetahaugen såg ikkje ut til å ha blitt pussa på ei stund. FOTO: PER HARALD GJERDE

Skiltet på Vetahaugen trong ein puss

Fleire på Moster hadde bete seg merke i at skiltet på steinkrossen på Vetahaugen skulle hatt ein puss.

► **Kjerstin Mæland**
kjerstin@bomlo-nytt.no

– Har nokon tenkt å pussa skiltet på Vetahaugen før jubileet?, spør ein lesar, tildlegare denne veka.

Spørsmålet kjem i forbindelse med jubileet i slutten av månaden.

100 år gammal

Krossen har no stått på Vetahaugen sidan Moster Mållag reiste den for 100 år sidan i høve 900-års jubileet.

Dagleg leiar for Moster 2024, Elsa Aanensen har vore i kontakt med kommunen om dette.

– Bømlo kommune skal sjå på det, og vurdera oppussing, har me fått beskjed om, så då håpar me det vil bli gjort, seier ho.

Og før nokon av oss rakk å tenkja meir på det, så var skiltet pussa.

Gjekk fort

Bømlo-nytt rakk ikkje å publisere saka om skiltet ein gong, før me fekk ei ny melding om at skiltet no var pussa.

Det var Kjell Hollund som pussa skiltet onsdag kveld.

– Eg gjorde eit forsøk. Det såg nesten ut som om at det var 100 år sidan sist, seier han til avisa.



PUSSA: Kjell Hollund var oppe og pussa skiltet onsdag kveld. FOTO: PRIVAT



PINSESTEVNE: Mange kom for å delta på Pinsestevnet i Moster Amfi 1. pinsedag. FOTO: KJERSTIN MÆLAND



OLAVSFLAMMEN: Her overrekker Biskopen Olavsflammen til Anna Lovise Anglevik Solberg. FOTO: KJERSTIN MÆLAND